

Notat om vegetasjonen i og ved tomt for ny skule på Vea, Karmøy

Anders Lundberg, prof.em. Universitetet i Bergen

Karmøy kommune planlegg ny skule på Vea, og i samband med planarbeidet har det kome opp behov for ei vurdering av vegetasjon og flora i planområdet, eventuelt om det finst raudlista lav der. Eg er godt kjend i området gjennom mange tiårs kartlegging av floraen, både karplantene (jf. boka Karmøys flora, Fagbokforlaget), mosefloraen (upublisert manus om Karmøys moseflora) og lavfloraen (upublisert manus om Karmøys lavflora).

Det har også vore nemnt at området bør NiN-kartleggast, og det er ein metodikk eg er vel kjend med. Eg har dei siste åra NiN-kartlagd mange område på Karmøy, Utsira og andre område i Rogaland.

Planområdet er i dag under rask gjengroing. Det ber preg av kva det utviklar seg frå, området har tidlegare vore brukt som beitemark for husdyr. Område som er under ein sekundær suksesjon skal etter NiN-instruksen 2023 kartleggast etter kva det opphavleg var. Vedlagte skråbilde frå 1963 viser klart og tydeleg at området var open grasmark brukt som beitemark.



Skråbilde frå 1963 som viser at området då var dominert av beitemark i mosaikk med små plantefelt.

Slik området trer fram i dag, er det framleis beitemark, men altså under gjengroing. Ulike treslag som bjørk, rogn og hassel har invadert området, men det har framleis karakter av beitemark. Undervegetasjonen er dominert av beitemarksartar, særleg gras, men også urter som jordnøtt og engsyre, samt ugras som skvallerkål og myrtistel. Slik undervegetasjon finst ikkje i vestnorsk regnskog. Alle tre er unge, ingen av dei har nådd godt vaksen alder. «Trea» er meir buskar enn tre. Det er også typisk at trea er utan eller stort sett utan lav. Det er lite sannsynleg at det skulle finnast raudlista, epifyttisk lav (lav som veks på tre) i området.

I ei NiN-kartlegging skal det gjerast ei vurdering av tilstanden til dei naturtypene som blir kartlagt. I dette tilfellet vil beitemarka bli klassifisert som beitemark med dårleg tilstand.

Beitemark er ein viktig naturtype som kan innehalde stort biologisk mangfald. Denne beitemarka er ei av mange som er under rask gjengroing i distriktet, og med status som dårleg tilstand vil den ikkje skore høgt vegd opp mot eit tiltak med stor samfunnsnytte (ny skule). Mange beitemarker er viktige og verdifulle naturtypar, denne er neppe det.

Litteratur

Lundberg, A. 1998. *Karmøys flora. Biologisk mangfald i eit kystlandskap*. Fagbokforlaget, Bergen. 505 s.

Lundberg, A. *Karmøys moseflora*. Upubl. manus. 70 s.

Lundberg, A. *Karmøys lavflora*. Upubl. manus.

Bergen, 19. juni 2023